



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Knarvik sjukeheim,
Dato: 28.10.2010
Tidspunkt: 12:00 – 19:05
Frå sak nr: 91/10 – 104/10

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Representerer
Sveinung Valle	AP
Nina Bognøy	AP
Astrid Namtvedt Sylta	AP
Leidulv Brunborg	AP
Bjørn Brunborg	AP
Ståle Juvik Hauge	AP
Bjarte Vatnøy	FRP
Nina Stabell Øvreås	FRP
Håvard Dale	FRP
Gudmund Husdal	FRP
Øystein Reidar Moldeklev	FRP
Kjetil Melvær	FRP
Linda Opdal	FRP
Henning Knutsen	FRP
Nils Træland	H
May Eva Sandvik	H
Randi Træland Hella	H
Leif Sleire	H
Unni Andersen Sæbø	UAVH.
Astrid Aarhus Byrknes	KRF
Arne Rudolf Ramslien	KRF
Berit Dale Øgaard	KRF
Kåre Mestad	KRF
Anna K Valle	SP
Lene Fløysand Sylta	SP
Ingeborg Askeland	SP
Jostein Hellestveit	SP
Tore Svendsen	SV
Odin Kristiansen	V

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Representerer
Kjell Ove Østerbø	FRP
Gunnar Reidar Stusdal	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Repr.	Møtte for
Henriette Mjøs	FRP	Kjell Ove Østerbø
Håkon Reigstad	SP	Gunnar Reidar Stusdal
Ingeborg Myksvoll	SP	Ingeborg Askeland (frå sak 94/10)
Erik Bertelsen	FRP	Håvard Dale (frå sak 94/10)

Følgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Øistein Søvik	Rådmann
Kåre Jordal	Ass.rådmann
Birte Aasen	Einingsleiar stab og forvaltningssjef
Arne Eikefet	Einingsleiar teknisk drift
Terje Sætre	Rådgjever
Inger- Marie Nordland	Adm.sekretær
Karl Fredrik Myhr	Budsjett- og økonomisjef
Sveinung Toft	Fagleiar plan

Diverse merknader:

- Camilla Hevrøy og Camilla Tvilde Evensen underheld på piano og fløyte.
- Presentasjon av ny undersøkelse for Lindås og Meland kommunar som går på rus og tobakksvanar osv. v/Erik Iversen frå Forsknings- og dokumentasjonsavdelingen Stiftelsen Bergensklinikkene
- MOT v/ representantar frå MOT Lindås
- Ståle Hauge Ap kom under presentasjon av MOT Lindås.
- Sak 103/10 vert flytta etter sak 93/10. Sak 96/10 vert handsama etter sak 94/10.
- Ingeborg Askeland Sp gjekk etter hands. av sak 93/10. Vara Ingeborg Myksvoll Sp kom til hands. av sak 103/10 som vart handsama etter sak 93/10.
- Håkon Reigstad Sp gjekk etter sak 93/10 og kom igjen til sak 95/10
- Håvard Dale Frp gjekk etter sak 93/10. . Vara Erik Bertelsen Frp kom til hands. av sak 103/10 som vart handsama etter sak 93/10.
- Arne Ramslien Krf gjekk under handsaming av sak 94/10 og kom igjen til sak 95/10
- Linda Opdal Frp gjekk under handsaming av sak 100/10
- Kommunestyret ber administrasjonen lage sak vedk. utgreiing om gratis skuleskyss for elevar som har skuleveg mot/Midtgård/Hillesvåg/Apalen/ Hjelmås frå snarast til 30.06.2011. grunna anleggsarbeid på fylkesveg Fv 391til møte i formannskapet 04.11.10. Kommunestyret gjev formannskapet fullmakt til å gjera vedtak i saka. Samrøystes.

Astrid Aarhus Byrknes
ordførar

Sveinung Valle

Henning Knutsen

PS 91/10 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Møteprotokollen frå 16.09.2010 vert samrøystes godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Møteprotokollen frå 16.09.2010 vert godkjent.

PS 92/10 Underskrift av dagens møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Desse vert valt i tillegg til ordførar: Sveinung Valle og Henning Knutsen

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Desse vert valt i tillegg til ordførar: Sveinung Valle og Henning Knutsen

PS 93/10 Forvaltningsrevisjon av val av kontorlokaler for NAV i Lindås kommune - Vurderingar etter innkjøpsregelverket

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilråding.

Kommunestyret forventar at rådmannen følgjer opp dei tilrådingane som er gitt.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Revisor Tone Mari Dahle frå Deloitte gjekk gjennom rapporten. Advokat Erlend Øen orienterte i saka.

Kontrollutvalet sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilråding. Kommunestyret forventar at rådmannen følgjer opp dei tilrådingane som er gitt.

PS 94/10 Framlegg til reguleringsplan for Leknes skule med omkringliggjande areal. 2. gongs handsaming.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 27-2, nr 2 vert framlegg til reguleringsplan for Leknes skule med omkringliggjande areal datert 01.06.10 og føresegner sist datert 30.06.10 godkjent.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 29.09.2010

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 29.09.2010

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Innstillinga i plan- og miljøutvalet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Med heimel i plan- og bygningslova § 27-2, nr 2 vert framlegg til reguleringsplan for Leknes skule med omkringliggjande areal datert 01.06.10 og føresegner sist datert 30.06.10 godkjent.

PS 95/10 Planforslag kommunedelplan for trafikksikring 2010 - 2022 - godkjenning

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vert Planforslag kommunedelplan for trafikksikring 2010 – 2022 godkjent med fylgjande tilleggsmerknadar:

1. Det skal gjennomførast kostnad /nytte vurdering, samt risikoanalyse av tiltaka på riks- og fylkesveg.
2. Vurdere å setje opp rekkverk/ autovern mellom vegbane og gangfelt mellom Alversund bru og bensinstasjonen på Fv 565, vert teke med handlingsplanen.
3. Det skal i setninga "Sterk prioritering og satsing på skulevegar og område kring skulane og barnehagane" tilføyast "og institusjonar".

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.10.2010

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

Punkt 5.3.1.

16. F.V.57 Lindås – Austrheimgrense
Vurdera nedsett fartsgrense på strekning

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tillegg frå S.Hauge-Ap vart vedteke mot 2 røyster (K.Melvær-Frp og R.Ellingsen-H)

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 13.10.2010

Rådmannen sitt framlegg er vedteke med følgjande tillegg.

Punkt 5.3.1.

16. F.V.57 Lindås – Austrheimgrense
Vurdera nedsett fartsgrense på strekning

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Framlegg frå K. Mestad Krf:

Tilleggsmerknad til planframlegget Fv. 565 sørlegaste kryss på Alverflaten.

50 km fartsgrense vert utvida forbi busstopp. Det vert etablert fotgjenarfelt ved busstopp.

Framlegget vert **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå J. Hellestveit Sp:

Fv. 57 Kolåskryss – Austrheim grense.

Nedsett fartsgrense til 70 km/t der det i dag er 80 km/t inntil gang og sykkelveg er etablert.

Dette framlegget vert sett opp mot tilleggspunktet i PM-utvalet 13.10.10.

Framlegget frå J. Hellestveit vert **vedteke** mot 2 røyster H. Knutsen Frp og K. Melvær Frp.

Framlegg frå A. Valle Sp:

Pkt. 5.3.1

Tiltak 233 – 234 på Fv 415, rekkverk ved Lindås ungdomsskule

Tiltak 229 på Fv 403, rekkverk i Kleivane vert flytta frå langsiktige tiltak til strakstiltak.

Framlegget vert **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå B. Vatnøy Frp:

5.2 Forslag og prioriteringar tiltak på Rv. E39.

Tilleggspunkt:

5.2.1 -2 sikra bru på Hagelsundet mot nord, der gjenstander fell ned på kommunalt gangfelt.
Prioritet 1.

Framlegget vert **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå N. Bognøy Ap:

Punkt 5.4.2. ref.nr. 224, flytta til strakstiltak og då få fortgang i trygging av veg for kryssing av fotgjenngarar.

Samt flytta "Hillandskryssset" toppen til prioritettliste 5.3.2. kostnadskrevande.

Framlegget vert **samrøystes vedteke**.

Framlegg frå L. Brunborg Ap:

Sikra dei mjuke trafikantane i skule/fritidsområde frå Gymnaskryssset mot Londsvegen. I den samanheng skal ein særleg sikra overgangen mellom parkeringsplass og veg nord for Knarvik Ungdomsskule.

Dette som strakstiltak.

Framlegget vert **samrøystes vedteke**

Framlegg frå B.D. Øgaard Krf:

Nullvisjonen:

Nullvisjonen krev innsats frå kvar einskild trafikant saman med ulike etatar i kommunen som vegvesnet, lensmannsetaten, Trygg Trafikk og frivillige organisasjonar

Framlegget vert **samrøystes vedteke**.

Rådmannen sitt framlegg vert **samrøystes vedteke**.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vert Planforslag kommunedelplan for trafiksikring 2010 – 2022 godkjent med fylgjande tilleggsmerknadar:

1. Det skal gjennomførast kostnad /nytte vurdering, samt risikoanalyse av tiltaka på riks- og fylkesveg.
2. Vurdere å setje opp rekkverk/ autovern mellom vegbane og gangfelt mellom Alversund bru og bensinstasjonen på Fv 565, vert teke med handlingsplanen.
3. Det skal i setninga "Sterk prioritering og satsing på skulevegar og område kring skulane og barnehagane" tilføyast "og institusjonar".
 - Tilleggsmerknad til planframlegget Fv. 565 sørlegaste kryss på Alverflaten. 50 km fartsgrense vert utvida forbi busstopp. Det vert etablert fotgjenarfelt ved busstopp.
 - Fv. 57 Kolåskryssset – Austrheim grense. Nedsett fartsgrense til 70 km/t der det i dag er 80 km/t inntil gang og sykkelveg er etablert.
 - Pkt. 5.3.1
Tiltak 233 – 234 på Fv 415, rekkverk ved Lindås ungdomsskule
 - Tiltak 229 på Fv 403, rekkverk i Kleivane vert flytta frå langsiktige tiltak til strakstiltak.
 - 5.2 Forslag og preoriteringar tiltak på Rv E39.
Tilleggspunkt:

5.2.1 -2 sikra bru på Hagelsundet mot nord, der gjenstander fell ned på kommunalt gangfelt.

Prioritet 1.

- Punkt 5.4.2. ref.nr. 224, flytta til strakstiltak og då få fortgang i trygging av veg for kryssing av fotgjengarar.
Samt flytta "Hillandskrysset" toppen til prioriteliste 5.3.2. kostnadskrevande.
- Sikra dei mjuke trafikantane i skule/fritidsområde frå Gymnaskrysset mot Londsvegen. I den samanheng skal ein særleg sikra overgangen mellom parkeringsplass og veg nord for Knarvik Ungdomsskule.
Dette som strakstiltak.
- Nullvisjonen:
Nullvisjonen krev innsats frå kvar einskild trafikant saman med ulike etatar i kommunen som vegvesnet, lensmannsetaten, Trygg Trafikk og frivillige organisasjonar

PS 96/10 Reguleringsplan for Haghaugen gnr.134 bnr.1 og 3 mfl.

Handsaming i kommunestyret

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, vert privat reguleringsplan for "Haghaugen gnr. 134 bnr.1 og 3 mfl", med plankart sist revidert 07.10.2010 og føresegner sist revidert 11.10.2010 vedteken. Kartet på rettast opp i høve oppdaterte eigedomsgrenser, og sendast over til kommunen i SOSI-format.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Ø. Moldeklev er ugild.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, vert privat reguleringsplan for "Haghaugen gnr. 134 bnr.1 og 3 mfl", med plankart sist revidert 07.10.2010 og føresegner sist revidert 11.10.2010 vedteken. Kartet må rettast opp i høve oppdaterte eigedomsgrenser, og sendast over til kommunen i SOSI-format.

PS 97/10 Nytt finansreglement

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

1. Forslaget til finansreglement blir vedteke.
2. Nordhordland Revisjon IKS blir godkjent som uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning, til å vurdere rutinane.

Handsaming i Formannskapet - 30.09.2010

Rådgjevar Vidar Kolstad orienterte og delte ut skriv om "Ny finansforskrift/hovudendringar/kommunestyrets ansvar og administrasjonens ansvar.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 30.09.2010

1. Forslaget til finansreglement blir vedteke.
2. Nordhordland Revisjon IKS blir godkjent som uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning, til å vurdere rutinane.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

1. Forslaget til finansreglement blir vedteke.
2. Nordhordland Revisjon IKS blir godkjent som uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning, til å vurdere rutinane.

PS 98/10 Heildøgns omsorgsbustader - Ostertunet

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

- 1 Det vert å byggje ti omsorgsbustader i bufellesskap i tilknytning til Ostertunet. Bustadene skal nyttast som heildøgns omsorgsbustader innan eldreomsorga.
- 2 Innpassing av investeringa og finansiering av denne, samt driftskonsekvensar, vert å kome tilbake til i samband med behandlinga av økonomiplanen 2011 – 2014.

Handsaming i Eldrerådet - 28.09.2010

Terje Sætre orienterte om nytt bygg i samband med Ostertunet.

Eldrerådet er samd med rådmannens sitt framlegg om å byggja 10 omsorgsbustader i bufellesskap i tilknytting til Ostertunet. Nybygget bør vera ferdigstilt i 2010. Samrøystes vedteke.

Uttale i Eldrerådet - 28.09.2010

Eldrerådet er samd med rådmannens sitt framlegg om å byggja 10 omsorgsbustader i bufellesskap i tilknytting til Ostertunet. Nybygget bør vera ferdigstilt i 2010.

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 30.09.2010

Fellesframlegg:

Tillegg til rådmannen sine punkt.

3. Vurdering om flytting av andre kommunale tenester inn i nybygget skal fram til politisk handsaming før endeleg vedtak om bygging.
4. Det må vurderast fleksible løysingar på arealet/leiligheitene som tar høgde for nokre større leiligheiter for ektepar.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 30.09.2010

- 1 Det vert å byggje ti omsorgsbustader i bufellesskap i tilknytning til Ostertunet. Bustadene skal nyttast som heildøgns omsorgsbustader innan eldreomsorga.
- 2 Innpassing av investeringa og finansiering av denne, samt driftskonsekvensar, vert å kome tilbake til i samband med behandlinga av økonomiplanen 2011 – 2014.
3. Vurdering av flytting av andre kommunale tenester inn i nybygget skal fram til politisk handsaming før endeleg vedtak om bygging.
4. Det må vurderast fleksible løysingar på arealet/leiligheitene som tar høgde for nokre større leiligheiter for ektepar.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

1. Det vert å byggje ti omsorgsbustader i bufellesskap i tilknytning til Ostertunet. Bustadene skal nyttast som heildøgns omsorgsbustader innan eldreomsorga.
2. Innpassing av investeringa og finansiering av denne, samt driftskonsekvensar, vert å kome tilbake til i samband med behandlinga av økonomiplanen 2011 – 2014.
3. Vurdering av flytting av andre kommunale tenester inn i nybygget skal fram til politisk handsaming før endeleg vedtak om bygging.
4. Det må vurderast fleksible løysingar på arealet/leiligheitene som tar høgde for nokre større leiligheiter for ektepar.

PS 99/10 Lyngtunet - demens

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Sak om "Lyngtunet" blir å kome tilbake til i samband med økonomiplan 2012 – 2015.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.09.2010

Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne beklager utsetjing av realisering av "Lyngtunet". Ein bør få på plass økonomien til dette så tidleg som mogeleg i neste økonomiplan periode, Rådet meiner lokaliseringa på den tidlegare BKK – tomta i Knarvik virkar mest fornuftig - både med tanke på bruk av sansehage, plassering/utsikt og kompetansebehov.

Samrøystes vedteke.

Uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 27.09.2010

Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne beklager utsetjing av realisering av "Lyngtunet". Ein bør få på plass økonomien til dette så tidleg som mogeleg i neste økonomiplan periode, Rådet meiner lokaliseringa på den tidlegare BKK – tomta i Knarvik virkar mest fornuftig - både med tanke på bruk av sansehage, plassering/utsikt og kompetansebehov.

Handsaming i Eldrerådet - 28.09.2010

Terje Sætre orienterte om framdrifta og planar for " Lyngtunet."

Samrøystes vedteke.

Uttale i Eldrerådet - 28.09.2010

Eldrerådet støttar rådmannen sitt framlegg om at Lyngtunet vert bygd i Knarvik på Kraftlagstomta. Planlegging av Lyngtunet bør ein starta med snarast råd. Planleggingsmidlar må verta sett av på 2011 budsjettet. Fagfolk innan demensomsorg må verta tatt med i planleggingsarbeidet. Me vil koma med framlegg om ei noko større utbygging i første byggetrinn, eks. 28 plasser, slik at ein ikkje stadig kjem i manko på heildøgnsomsorgsplasser/sjukeheimsplasser. Viser til kommentar ang. samhandlingsreforma(side 18).

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Framlegg L.Brunborg-Ap:

1. Sak om midlar til planlegging av Lyngtunet vert å vurdere i samband med budsjett 2011.

Framlegget fekk 1 røyst og fall

3. Ein bør vurderer om Lyngtunet kan byggjast nært Såtabu, til dømes austover.

Framlegget fekk 1 røyst og fall

Fellesframlegg om pkt.2:

2. Sak om "Lyngtunet" blir å kome tilbake til i samband med økonomiplan 2012 – 2015.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Krf / H / Frp / Sp:

1. Levekårsutvalet bed formannskapet sette av midlar i 2011 til ei fagleg utgreiing av driftsmodell for konseptet Lyngtunet.

Utgreiinga vert gjort av miljø med spisskompetanse innanfor demensomsorg.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (Brunborg-Ap)

Uttale i Levekårsutvalet - 28.09.2010

1. Levekårsutvalet bed formannskapet sette av midlar i 2011 til ei fagleg utgreiing av driftsmodell for konseptet Lyngtunet.

Utgreiinga vert gjort av miljø med spisskompetanse innanfor demensomsorg.

2. Sak om "Lyngtunet" blir å kome tilbake til i samband med økonomiplan 2012 – 2015.

Handsaming i Formannskapet - 30.09.2010

Framlegg frå Astrid N. Sylta AP som i LE v/ L. Brunborg AP:

Framlegget fekk 3 røyster, A,N. Sylta AP, B. Vatnøy Frp og N.S. Øvreås Frp og fall

Uttalen i Levekårsutvalet pkt 1 og 2 med tillegg frå formannskapet:

1. Kommunestyret ber administrasjonen leggja fram ei fagleg utgreiing av driftsmodell for konseptet Lyngtunet.

Utgreiinga vert gjort av miljø med spisskompetanse innanfor demensomsorg.

Denne utgreiinga skal vera ferdig innan november 2011.

2. Sak om "Lyngtunet" og lokalisering blir å kome tilbake til i samband med økonomiplan 2012 – 2015.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 30.09.2010

1. Kommunestyret ber administrasjonen leggja fram ei fagleg utgreiing av driftsmodell for konseptet Lyngtunet.

Utgreiinga vert gjort av miljø med spisskompetanse innanfor demensomsorg.

Denne utgreiinga skal vera ferdig innan november 2011.

2. Sak om "Lyngtunet" og lokalisering blir å kome tilbake til i samband med økonomiplan 2012 – 2015.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Framlegg frå L. Brunborg Ap:

Som i LE 28.09.10 pkt 3. Ein bør vurderer om Lyngtunet kan byggjast nært Såtabu, til dømes austover.

Framlegget fekk 14 røyster og fall.

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

1. Kommunestyret ber administrasjonen leggja fram ei fagleg utgreiing av driftsmodell for konseptet Lyngtunet.

Utgreiinga vert gjort av miljø med spisskompetanse innanfor demensomsorg.

Denne utgreiinga skal vera ferdig innan november 2011.

2. Sak om "Lyngtunet" og lokalisering blir å kome tilbake til i samband med økonomiplan 2012 – 2015.

PS 100/10 Friplass i barnehage og SFO for barn med omfattande funksjonshemming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Retten til å søkje om friplass for barn med omfattande funksjonshemming i barnehage og SFO vert trekt med verknad frå 01.01.2011.

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Framlegg frå H og Sp:

Retten til å søkje om friplass for born med omfattande funksjonshemming i barnehage vert oppretthalde.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Sandvik-H, Hella-H, Sylta-Sp og Hellestveit-Sp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster.

Uttale i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 30.09.2010

Astrid N. Sylta er ugild i saka.

J. Hellestveit Sp la fram framlegg som i LE frå H og SP.

Framlegget fekk 2 røyster J. Hellestveit Sp og N. Træland H og fall

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med endring av dato 01.08.2011

Innstilling i Formannskapet - 30.09.2010

Retten til å søkje om friplass for barn med omfattande funksjonshemming i barnehage og SFO vert trekt med verknad frå 01.08.2011.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

A.N. Sylta er ugild.

Framlegg frå Ø. Moldeklev Frp:

Saka blir utsett og kommunestyret ber administrasjonen utarbeide kriterien for kven som kvalifiserer til denne støtta.

Framlegget vert vedteken mot 12 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Saka blir utsett og kommunestyret ber administrasjonen utarbeide kriterien for kven som kvalifiserer til denne støtta.

PS 101/10 Søknad om oppsetting av stau av Ivar Medaas i Knarvik senter

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune støttar Medaaspriskomiteen i deira arbeid med å få reist ein statue av kulturberaren Ivar Medaas med kr. 110.000.

Midlane vert belasta Fond for kulturminnar og bygdebok.

Handsaming i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Levekårsutvalet - 28.09.2010

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

Handsaming i Formannskapet - 30.09.2010

Innstillinga i levekårsutvalet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 30.09.2010

Lindås kommune støttar Medaaspriskomiteen i deira arbeid med å få reist ein statue av kulturberaren Ivar Medaas med kr. 110.000.

Midlane vert belasta Fond for kulturminnar og bygdebok.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Lindås kommune støttar Medaaspriskomiteen i deira arbeid med å få reist ein statue av kulturberaren Ivar Medaas med kr. 110.000.

Midlane vert belasta Fond for kulturminnar og bygdebok.

PS 102/10 Ny vurdering av formål og retningslinjer for næringsfondet i Lindås kommune

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Det skal opprettast ei politisk og administrativ arbeidsgruppe som skal gjennomføre ei ny vurdering av føremål, vedtekter og retningslinjer til næringsfondet i kommunen. Deltakarar i gruppa og endeleg mandat skal avgjerast i formannskapet. Konklusjonar frå arbeidet i gruppa skal presenterast i formannskapet.

Handsaming i Formannskapet - 30.09.2010

Formannskapet vel Bjarte Vatnøy og Odin Kristiansen samrøystes
Rådmannen peikar ut Hogne Haugsdal frå administrasjonen.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke med namn på personane som skal vera med i arbeidsgruppa.

Innstilling i Formannskapet - 30.09.2010

Det blir oppretta ei politisk og administrativ arbeidsgruppe som skal gjennomføre ei ny vurdering av føremål, vedtekter og retningslinjer til næringsfondet i kommunen. Frå formannskapet vert Bjarte Vatnøy og Odin Kristiansen valt.

Frå administrasjonen Hogne Haugsdal.

Konklusjonar frå arbeidet i gruppa skal presenterast i formannskapet i februar 2011 og vert endeleg vedteke i kommunestyret.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Det blir oppretta ei politisk og administrativ arbeidsgruppe som skal gjennomføre ei ny vurdering av føremål, vedtekter og retningslinjer til næringsfondet i kommunen. Frå formannskapet vert Bjarte Vatnøy og Odin Kristiansen valt.

Frå administrasjonen Hogne Haugsdal.

Konklusjonar frå arbeidet i gruppa skal presenterast i formannskapet i februar 2011 og vert endeleg vedteke i kommunestyret.

PS 103/10 Økonomirapport pr. 2. tertial 2010

1 RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomisk statusrapport til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar)
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda)
4. Rådmannen får fullmakt til gjera endringar i interne disponeringa slik skissert i kap.3.7
5. Det vert føreteke endringar i investeringsbudsjettet slik skissert i kapittel 7 (innleiinga)

Handsaming i Formannskapet - 07.10.2010

Fellesframlegg:

Pkt. 6.

Det vert gjeve ei tilleggsøyving på 1 mill. til Kyrkjeleg fellesråd til utbetring av råteskade på Myking kyrkje.

Midlane blir tatt frå unytta rehabiliteringsmidlar i investeringsbudsjettet 2010.

Framlegget vert samrøystes vedteke.

Framlegget frå rådmannen vert samrøystes vedteke.

Innstilling i Formannskapet - 07.10.2010

1. Kommunestyret tek økonomisk statusrapport til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar)
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda)
4. Rådmannen får fullmakt til gjera endringar i interne disponeringa slik skissert i kap.3.7
5. Det vert føreteke endringar i investeringsbudsjettet slik skissert i kapittel 7 (innleiinga)
6. Det vert gjeve ei tilleggsøyving på 1 mill. til Kyrkjeleg fellesråd til utbetring av råteskade på Myking kyrkje.
Midlane blir tatt frå unytta rehabiliteringsmidlar i investeringsbudsjettet 2010.

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Budsjett- og økonomisjef Karl Fredrik Myhr orienterte i saka.

Innstillinga i formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

1. Kommunestyret tek økonomisk statusrapport til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar)
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda)
4. Rådmannen får fullmakt til gjera endringar i interne disponeringa slik skissert i kap.3.7
5. Det vert føreteke endringar i investeringsbudsjettet slik skissert i kapittel 7 (innleiinga)
6. Det vert gjeve ei tilleggsøyving på 1 mill. til Kyrkjeleg fellesråd til utbetring av råteskade på Myking kyrkje.
Midlane blir tatt frå unytta rehabiliteringsmidlar i investeringsbudsjettet 2010.

PS 104/10 Meldingar frå ordførar og rådmann

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Handsaming i Kommunestyret - 28.10.2010

Det vart delt ut nyhetsbrev frå Business Region Bergen til medlemene.
Helse i vest nr. 3/2010 vart delt ut til gruppeleiarane.

Rådmannen sitt framlegg vert teke til orientering.

Interpellasjon frå Nina Bognøy Ap:

Viser til kommunestyrevedtak(budsjettmøtet -09) i sak 136/09, verbalpnkt nr. 20 som lyder:
" Kommunestyret ber rådmann sikre at PPT har kapasitet til sakkyndig arbeid og systemarbeid, og at det ikkje er lang ventetid til tenesten"

Kan rådmannen sei korleis vedtaket er følgt opp?

Korleis er no kapasiteten ved PPT og kor lange ventelister/ventetid er der frå borna er oppmeldt og til borna kjem til utgreiing?

Har ein ved PPT og Læringssenteret den type kompetanse ein treng og har ein då tilstrekkelig av denne fagkompetansen for å stetta behova?

Det er kommen ei forskrift som seier slagpasientar bør ha logopedtimar i ei opptreningsfase etter slag.

Korleis vil dette arta seg for Lindås Kommune sin logopedsitvasjon?

Har ein i Lindås muligheit til å stetta behovet for logopedhjelp i.h.h til lovpålagte oppgåver?
Logopedtenesta skal ivareta bl.a barnehageborn, skuleborn, og vaksne, då gjerne slagpasientar og event. leppe/ganespalte.

Korleis er tilgangen på nødvendig logopedisk kompetanse for å ivareta logopediske problemstillingar?

Svar frå ordførar:

Viser til kommunestyrevedtak(budsjettmøtet -09) i sak 136/09, verbalpnkt nr. 20 som lyder:
" Kommunestyret ber rådmann sikre at PPT har kapasitet til sakkyndig arbeid og systemarbeid, og at det ikkje er lang ventetid til tenesten"

Kan rådmannen sei korleis vedtaket er følgt opp?

Vedtaket er følgt opp ved at PPT fekk 1 ny stillingsheimel i 2009 med tilsetjing 1.august. I 2010 vart det sett inn ein ekstra stilling som psykolog (midlertidig). Denne stillinga vart finansiert med overførte midlar frå 2009. Stillinga er no vidareført fram til ut mars 2011. Dessverre har personalsituasjonen ved PPT periodevis vore ustabil. Dette skuldast uheldige omstende som ikkje så lett let seg styra (avtalefesta permisjonar, sjukemeldingar, gjennomtrekk m.m.).

Denne hausten (fram til 1.desember) har vore stabil og ventelistene er reduserte (frå 55 til 34). Det er vanskeleg å seie presis kor lang ventetida vil vere for dei som no står på ventelista. Dette er avhengig av kor komplekse dei til no fordelte sakene er og stabiliteten på kontoret. Ein av sakshandsamarane sluttar 1.desember. Stillinga er lyst ut.

Har ein ved PPT og Læringsssenteret den type kompetanse ein treng og har ein då tilstrekkelig av denne fagkompetansen for å stetta behova?

Når det gjeld vurdering av om PPT og Læringsssenteret har den type kompetanse ein treng, er det viktig å sjå dette i eit heilskapleg perspektiv. Prioritering av ein type kompetanse, førar med seg at ein kan misse ein annan type kompetanse. Totalbehovet må til ei kvar tid vurderast. Pr.d.d. manglar kontoret logopedkompetanse, og det vert derfor no søkt etter pp-rådgjevar / logoped. Kva kompetanse ein kan få inn, kjem ann på kva kompetanse som finnast i søkjargruppa. Sakshandsamaren som sluttar har særskild kompetanse på autisme og Asbergers syndrom.

Rådmannen legg ikkje inn auka bemanning ved PPT og Læringsssenteret i budsjettet for 2011. Ei vurdering av om PPT og Læringsssenteret har tilstrekkeleg av den type kompetanse ein treng, vil vere ei vurdering ein må gjere jamleg og sjå i samanheng med stoda totalt i PPT og ved Læringsssenteret.

Det er kommen ei forskrift som seier slagpasientar bør ha logopedtimar i ei opptreningsfase etter slag. Korleis vil dette arta seg for Lindås Kommune sin logopedsituasjon?

Slagpasientar med behov for logopedhjelp vert i dag tilvist til Læringsssenteret v/ einingsleiar. Behovet har så langt vorte stetta, og kommuneoverlegen har så langt ikkje registrert aukande behov. Helsedirektoratet sende i mars 2010 ut "Nasjonale faglige retningslinjer om behandling og rehabilitering ved hjerneslag." Bakgrunnen for retningslinjene var mellom anna at ein kan rekna med at talet på hjerneslag vil kunne auke med 50 prosent dei neste 20 åra fordi det vert fleire eldre i samfunnet vårt. Lindås kommune må som alle andre kommunar vurdere denne utviklinga opp mot krava i dei nasjonale retningslinjene. Arbeidet vert ein naturleg del av kommunen sitt arbeid med samhandlingsreforma der behov for ulik kompetanse må sjåast i ein større samanheng.

Logopedtenesta skal ivareta bl.a barnehageborn, skuleborn, og vaksne, då gjerne slagpasientar og event. leppe/ganespalte.

Korleis er tilgangen på nødvendig logopedisk kompetanse for å ivareta logopediske problemstillingar?

Same svar som lenger oppe.

Stoda oktober 2010:

Lærings- og utgreiingssenter		
Pedagogisk psykologiske teneste – aktive klientar	2009	2010 (oktober)
Aktive klientar	384	395
Nytilmelde saker	Skule 55 Barnehage 28	Skule 47 Barnehage 20 Heime 1
Saker på vent	Pr.mai 2010: 55 saker	Pr. oktober 2010: 34 saker
Tilsette fagpersonar på kontoret *	6	7

* Eit årsverk meir midlertidig til 1.kvartal 2011

Vedtak i Kommunestyret - 28.10.2010

Meldingane vert tekne til orientering.